

Bjørndal Sagbruk gbnr 334/2 Lars Ottar Sagstad

SN_3 Bjørndal Område for sagbruk, lagerplass/lagerbygg, kai /flytebrygge



Bjørndal sagbruk 2021 med bustadhus, LNF-spreidd bustad. Planlagt 2 nye bustadtomter i området.



Bjørndal sagbruk 1938

Historikk

Bjørndal sagbruk blei etablert i 1938 av min bestefar Lars Ivarsøy. Det var tidlegare eit felles sagbruk ved nedre Sjevlo som gardsbruket mitt (gbnr 334/2) var medeigar i. Dette var i drift fram til 1950-tallet.

Skogsområda rund Bjørndal er dei største skogsområda i tidlegare Meland kommune og moglegheit for uttak av tømmer er svært god. Det er midlertid ikkje vegbredde og bæreevne på Bjørndalsvegen til å kunne frakte ut tømmer med vogntog (bil m/hengar), da denne er klassifisert i laveste klasse, med Bk/totalvekt Bk8/40 og tillatt vogntoglengde på 12,40. Det er derfor ein stor fordel å kunne auke foredling og verdiskaping i skogbruket lokalt.

Bjørndal sagbruk kan på sikte skape 1-3 arbeidsplasser innan skogbruk, og det er også aktuelt med praksisplass for vanskeligstilte skoleungdommer og andre unge som fell utanfor arbeidslivet. Bjørndal sagbruk har hatt hovedfokus på produksjon av grov dimensjon, slik som grindverk, lafta tømmer, materiale til produksjon av oselvar i furu, kledningsbord og reisverk. Det har også vært produksjon av ved og restmateriale til kipeproduksjon(brakje), spaserstaver (osp,rogn), tvåre/sleiv til grautpanna(juletregran),trevisper(selje) og keip til båt(eik), sponflis til tak (gran og furu).

Tømmerfløting i Bjørndalsvatnet



Bjørndal sagbruk er eit av få sagbruket som kan transportere tømmer langs vassvegen, Bjørndalsvatnet og Storavatnet. Det er fra gammalt av vært transportert varer, tømmer og materiale ut og inn fra Bjørndal i mange hundrede år og fram til 1950, da vegen vart bygd. Det er utført karbondateringer fra eit kaianlegg utført i treverk i Bjørndalsvatnet som sannsynlig er fra 1200-tallet. Skogsområda i Bjørndal var den gang bevokst med eik og furu, som eigna seg til båtbygging både i Noreg og Europa. Det er naturleg at det har vært frakta tømmer vidare ut av Bjørndal via Rylandvatnet og vidare til sjø og frakt til Bergen.

Det er i dag fortsatt aktuelt med tømmerfløting og behov for kaianlegg og flytebrygge for sikker ferdsel ved vannkanten av Bjørndal sagbruk og arbeid med tømmer som flyt på vatnet. Det er i

området nord for sagbruket ein opplagsplass for tømmer som kommer vassvegen. Det er derfor aktuelt med lett tilgang til vatnet og moglegheit for å legge ut flytebrygge.

Bjørndalsvatnet er regulert av Salar Bruk As som driv med smoltanleg i Rylandsvågen. På grunn av vassregulering er det ein høydeforskjell på 1,20 meter fra høgast til lågast. I enkelte tørkeperiode er det vesentleg lavare vannstand og det er ikkje mogleg å bruke vannområda ved sagbruket.

Det er derfor ønskeleg med kai og flytebrygge, for å kunne ha normal drift heile året. Det er om lag seks meter fra byggelivet på sagbruket og ut til normal vannstand, slik at kaianlegget må være i den bredda.

Høvleri

Det er planlagt å oppføre eit tilbygg nord på sagbruket, til høvleri, som krever ei eige rom for dette. Det er i dag ikkje plass til eigen høvelmaskiner/freser i sagbruket på grunn av krav fra arbeidstilsynet om separate rom og arbeidsstasjoner for dei forskjellige arbeidsoppgavene.


Eit høvleri vil auke produksjonen og inntjening, da det kan utføres profilert treverk, som listverk og kledningsbord. Det er ønskeleg at dette hensyntakst for å kunne satse på auka produksjon

Bandfrisone for hund

Det er merka av ei bandfrisone for hund/friluftssone som vist på kartet. Dette området for gbnr 334/2 skal brukast til beiteområde for villsau. Det er ikkje brukt fjellbeite for dette gårdsbruket og det er derfor ønskeleg å kunna nytta eigen utmark til beite. Området er svært godt eigna til beite da artsmangfoldet er rikt i dette området og villsau vil kunne holde kulturlandskapet i hevd. Området må gjerdas inn for å kunne hindre hunder å ta seg inn i beiteområde og skade sau på beite.



Bandtvangssone



Bjørndal er ikkje innafør kjerneområde for jordbruk og kulturlandskap. Garden er ikkje driveverdig som eige gardsbruk og det kreves tilleggsarbeid for å kunne drifte gardsbruket økonomisk.

